

Gerd og Tor Skutle

Kyrhovden 18

5936 Manger

Alver kommune

Postboks 4

5906 Frekhaug

Detaljreguleringsplan for Manger skule – PlanID 12602019000300

Merknader

Viser til tilsendt planforslag.

Underteikna bur i Kyrhovden 18 – den nærmeste eigedom mot nord i planforslaget.

Planforslaget legg opp til eit skulebygg som kjem 6 m frå tomtegrensa vår – dette har me fått bekrefhta av Lennart Falkenberg-Arell telefonisk for nokre veker sidan. Me er ikkje godt kjente med lover og reglar innan areal/ bygging, men forstår det likevel slik at dette er innafor lovverket.

Men er det moralsk riktig?

Er det vanleg å plassera eit 15 m høgt bygg så nært opp til privat eigedom på landsbygda?

Bustadfeltet Kyrhovden er kommunalt, og me som bygde hus den gongen veit at me bygde hus i eit lite byggefelt. Hadde me visst at kommunen ikkje er til å stola på, ville me nok ikkje bygd desse husa våre – ikkje på denne plassen.

Dette er ikkje Bergen Sentrum, så me har ein del areal å ta av her ute på Manger, og det skulle ikkje vera nødvendig å gå til det me meiner er eit angrep på vår private eigedom.

Verdien på vår eigedom vil verta vesentleg forringa, med eit større økonomisk tap som konsekvens. Me er begge i midten på 60 åra og er såleis i ein slik livsfase at me vurderer korvidt me skal bli buande her, eller kanskje flytta inn i noko enklare – meir lettstelt. Dette vil vera vanskelegare å få gjennomført når huset vårt kanskje heller ikkje vert så lett å omsetja?

Vil Alver kommune kompensera for tapet?

Nærleiken til den nye skuleplassen mellom planlagt skule og vårt hus vil også gje eit heilt anna støybilde i framtida enn det er pr dato. Pr dato er elevane på sørsida av skulebygninga – sett frå vår bustad. Det nye planframlegget legg opp til at det skal etablerast ein ny uteplass/leikeplass mellom skulen og vår eigedom – har de hensyntatt vår situasjon i det heile?

Heile planframlegget vitnar om ei total neglisjering av bustadfeltet Kyrhovden og oppsitjarane her.

Møtet på det gamle Rådhuset på Manger 15.08.19 gav tydeleg signal til dåverande representantar frå Radøy kommune og planleggjarane i Norconsult. Signala var – NY SKULE annan stad.

Kor blei det av Alver kommune sin visjon om innbyggjarane sin medverknad?

Manger skule er tett opp under 60 år bygd i 1962. Informasjon er henta frå elev som byrja på skulen dette året.

Når Alver kommune har økonomisk kapasitet til å starta utvikling av skulen på Manger, vil skulebygningen vera mellom 65 og 70 år – kanskje eldre. Meiner ein verkeleg i Alver kommune at dette er måten å byggja vår felles framtid.

Kva med forskjellsbehandlinga då mellom skulekrinsane Knarvik, Alversund og Manger?

Heile kommunen må takast i bruk, og ein del av verkemidla for dette er tidsriktige skular i alle krinsar. Alle veit at dette vert kostbart, og på Manger innser ein nok at me ikkje er den skulen som kjem øvst på prioriteringslista til Alver kommune. Me forlangar likevel at Radøy og bygda Manger blir tatt på alvor og at Alver kommune planlegg ein skule for framtida.

Planframlegget viser ein skule for fortida.

Det er ikkje tatt høgde for befolkningsauke i det heile i planframlegget. Planframlegget viser til ein skule på Manger med ca 200 elevar pr dato.

Reguleringsplanen legg opp til ein skule for 200 elevar i framtida.

Med ny veg mellom Klauvaneset og Nyborg i Åsane, vil heile Nordhordland koma nærmare Bergen. Dette vil truleg også gje seg gjeldande lengre utover i regionen enn berre kommunesenteret i sør – altså er det sannsynleg med befolkningsvekst på Manger, og ein ny skule må ta høgde for dette.

Alt dette ovanfor er gode argument til å forkasta planen.

Det viktigaste likevel er dei trafikale tilhøva.

Manger skule vart bygd i ei heilt anna tid. Trafikken var monaleg mindre. Elevane gjekk til skulen eller vart skyssa med skulebuss. I dag blir svært mange av elevane køyrde av foreldra. Då er det svært mange bilar på eit lite område over ein liten tidsperiode. Dette skapar trafikkfarlege situasjonar i alle dei tre tilkomstane til skulen – 2 i vårt bustadfelt som er kome snikande til opp gjennom åra, samt hovudinngang frå sør. At kommunen planlegg for vidare skule under desse trafikale tilhøva er rett og slett uforståeleg. Den trafikale situasjonen forvorrar seg år for år.

Me ynskjer tryggare tilhøve for borna på skule og skuleveg. Stoda i dag skapar trussel mot borna og foreldra. Ei ulykke med fatal utgang kan fort verta ein realitet.

Manger 14.10.2021

Gerd G Skutle

Gerd G Skutle

Tor Skutle

Tor Skutle